



Veglaget Mesel/Haatveitvegen  
v/ leiar Gunnhild Håtveit  
3855 TREUNGEN

12. desember 2013

Skagerak Kraft AS  
v/Lars Ole Thunold  
Postboks 80  
3901 Porsgrunn

### **Høyringsvar i samband med at konsesjonssøknad for Klovefoss og Støyldalen kraftverk i Nissedal er lagt ut til offentleg høyring.**

Vi hadde medlemsmøtet i Veglaget Mesel/Haatveitvegen i går, i samband med at over nevnte konsesjonssøknad nå ligg ute til offentleg høyring.

I den samanheng vart det uttrykt skepsis i forhold til kryssing av eksisterande skogsbilvegar med rørgater. Vi ynskjer derfor å presisere at kryssing av eksisterande veg må gjerast på ein slik måte at seinare bruk av eksisterande skogsbilveg ikkje vert forringa. Ein tenkjer da spesielt på at kryssingspunkta mellom eksisterande veg og rørtrasse vert gjort så sterke at ein ikkje risikerer å køyre sund rørgater m.m. ved framtidig bruk av skogsbilvegen. Dette gjeld særleg for tømmerdrifter med tunge skogsmaskiner og utkøyring av tømmer med tømmerbilar.

Med vennleg helsing

Gunnhild Håtveit  
Leiar av veglaget Mesel/Håtveitvegen